

Møtereferat

Dato: 13. des 2022

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Nina Broch Mathisen Rigmor Fardal, Mette Nora Sætre, Øystein Høyvik, Kathrin Jakobsen, Heidi Bjønnes Larsen, Christian Rekkedal, Helene Frihammer, Gisle Nondal, , Sølve Sondbø, Roger Pilskog, Geir Mikalsen, Geir Kåre Resaland, Kate Clark, Helene Frihammer	
Forfall:	Margareth Hagen, Marit Warncke, Anne Kverneland Bogsnes, Tina Lihaug Selbæk	Sak: 36/22-41/22
Møtetid:	Kl 1230-1500	Møtestad: Radisson Bryggen

Møteleiar: **Bård Sandal**Referent: **Gisle Johanson****Sak 36/22: Godkjenning av innkalling og sakliste***Vedtak: Næringsforum godkjende Innkalling og sakliste***Sak 37/22: Godkjenning av referat frå møte 26. oktober 2022***Vedtak: Næringsforum godkjende referatet***Sak 38/22: Målstruktur for prosjektet Grøn region Vestland**

Nina Broch Mathisen gjekk gjennom presentasjonen som var sendt ut før møtet. Presentasjonen orienterte om plan for å utvikle indikatorar som skal gje informasjon om ein når måla for prosjektet.

Det vart kommentert at mål for verdiskaping bør vere med i målstrukturen. Bård Sandal svarte at verdiskapingsmål skal tas inn i styringsdokumentet på linje med utslippkutt.

*Vedtak: Styringsdokument og målstruktur vil verte justert og vert lagt fram i neste møte.***Sak 39/22 Delegasjonsreise til Brussel våren 2023**

Kathrin Jakobsen og Kate Clarke gjekk gjennom utsendte notat. Merete Mikkelsen frå Vestlandets Brusselkontor gjekk gjennom presentasjon om EU sine system og politikkkutforming.

*Vedtak: Næringsforum tok orienteringa til vitande.***Sak 40/22 Regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Årsplan 2023**

Heidi Bjønnes Larsen og Randi Lotsberg la fram utsendte presentasjon. Bård Sandal kommenterte at Vestland fylkeskommune har løyva 29 millionar kroner som er prioriterte midlar til oppfølging av årsplan.

Nina Broch Mathisen og Helene Frihammer kommenterte begge at innsats retta mot kraftsituasjonen er sers viktig i 2023. Helene Frihammer og Roger Pilskog utdypa at det er naudsynt å forsterke innsatsen retta mot kompetanse og arbeidskrafttilgang. Tiltaka må ta utgangspunkt i behov i arbeidsmarknaden og ta omsyn til behov for grøn kompetanse.

Vedtak: Med dei nemde kommentarane tar Næringsforum orienteringa om Årsplan 2023 til vitande.

Sak 41/22 Eventuelt

Møteplan for 2023 vart lagt fram. Etter avklaring i høve til UiB er møteinnkallingar sendt ut i ettertid.